

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskulen Vestland
Møtestad:	Haugeveien 28 / nettmøte Zoom / e-post
Dato:	22.04.2022
Tid:	Kl. 13:00 – 14:10

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FrP)
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	Eigar (H)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Ann-Kristin Kristoffersen	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Sjur Inge Veim	Medlem	Tilsette

Følgjande faste medlemer melde forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigurd Reksnes	Nestleiar	Eigar (Sp)
Petter Reistad	Medlem	Studentar

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Alexander Fosse Andersen	Reksnes	Eigar (Sp)
Per Arne Nygaard	Reistad	Studentar

Merknader

Ekstraordinært styremøte.

Styremøtet vart utsett frå 08.04.2022 til 22.04.2022, då styreleiar, nestleiar/vara for nestleiar og adm. eigar/vara for adm. eigar ikkje kunne møte.

VS 11/22 Søknad til styret om ny utdanning – EX – Elektriske installasjoner i eksplosjonsfarlige områder vart handsama av styret på e-post før møtet.

VS 13/22 Val av møteleiar i styret om styreleiar er fråverande vart sendt ut 21.04.2022 på e-post, og blei handsama i møtet.

Gunnar Barmen Solvåg, Norvald Eltvik, Bjørnar Seim, Rolf Yksnøy og Rune Follnes stilte i møtet som observatør.

Følgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Reidar Grønli	Prorektor utdanning
Ingrid Fagerheim Sættem	Rådgjever
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse
Tor Ivar Sagen Sandvik	Seksjonsleiar kompetanse

**Følgjande frå administrasjonen melde
forfall:**

Namn	Stilling
Adeline Berntsen Landro	Prorektor organisasjon og samhandling

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 05/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 06/22	Godkjenning av møteprotokoll frå 25.03.2022	2022/486	

Vedtaksaker

VS 11/22	Søknad til styret om ny utdanning – EX – Elektriske installasjoner i eksplosjonsfarlige områder	2022/486	
VS 12/22	Undervisningstimar for studentane ved Fagskulen Vestland	2022/486	
VS 13/22	Val av møteleiar i styret om styreleiar er fråverande	2022/486	

Godkjenningssaker

GK 05/22 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 22.04.2022

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 06/22 Godkjenning av møteprotokoll frå 25.03.2022

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 22.04.2022

Møteprotokoll frå styremøtet 25.03.2022 vert handsama i neste ordinære styremøte, 02.05.2022.

Habilitet

Ingen av medlemmene vart vurdert som ugild.

Vedtaksaker

VS 11/22 Søknad til styret om ny utdanning – EX – Elektriske installasjoner i eksplosjonsfarlige områder

Forslag til vedtak

1. Styret akkrediterer utdanninga «EX – Elektriske installasjoner i eksplosjonsfarlige områder» (10 stp.), med utdanningsform nettbasert med samlingar ved studiestad Stord og Bergen.
2. Fagskulen skal melde NOKUT om oppretting av tilbodet, når godkjenning frå styret ligg føre.

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart vedteke på e-post. Styremedlem Petter Reistad avla ikkje stemme.

Vedtak

1. Styret akkrediterer utdanninga «EX – Elektriske installasjoner i eksplosjonsfarlige områder» (10 stp.), med utdanningsform nettbasert med samlingar ved studiestad Stord og Bergen.
2. Fagskulen skal melde NOKUT om oppretting av tilbodet, når godkjenning frå styret ligg føre.

VS 12/22 Undervisningstimar for studentane ved Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Studentane ved Fagskulen Vestland skal:

- ha ei arbeidsmengde på mellom 1500 og 1800 timar kvart studieår
- ha opp til 1020 timar undervisning organisert på timeplanen første året ved ordinær to-årig fagskuleutdanning og tilbod om undervisning organisert som rettleiing
- ha opp til 952 undervisningstimar andre året ved ordinær toårig utdanning og tilbod om rettleiing
- i Stordmodellen og deltidsundervisning ha eit fleksibelt undervisningstimetall som gir same ressurs som heiltidsundervisning

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 22.04.2022

Representanten Gadolin sette fram forslag til nytt vedtak som følgjer;

1. Styret utsetter beslutning om fremtidig modell for undervisningstimer til høsten 2022. Dette medfører at dagens modeller ved de ulike studiestedene videreføres som i dag.

Det videre arbeidet med modell for undervisningstimer løftes inn i en bredt sammensatt arbeidsgruppe. Styret ønsker å ha særlig oppmerksomhet på kvalitet og studentenes læringsutbytte. Arbeidsgruppen skal ledes av styreleder med representasjon fra administrativ ledelse, de ansatte og studentene, samt med deltakelse fra relevant ekstern kompetanse. Sammensetningen av arbeidsgruppen skal drøftes med alle parter, og rektor bes legge frem sak om mandat og sammensetning av arbeidsgruppen for styret i slutten av mai. Arbeidet skal sluttføres i løpet av høsten 2022 slik at styret kan fatte vedtak samme semester. Det er rektor som til slutt legger frem en endelig sak overfor styret.

Styret ønsker å ha en særlig oppmerksomhet knyttet til overtidssituasjonen ved Fagskulen Vestland. Styret konstaterer at bakgrunnen for situasjonen er sammensatt. Styret skal holdes løpende oppdatert om overtidbruken i alle styremøter og ber rektor følge situasjonen tett. Styret presiserer at en vedvarende høy overtidbruk vil få konsekvenser for den fremtidige tilbudsstrukturen, eksempelvis i form av en reduksjon i antall klasser.

Bemanningssituasjonen og tilgangen på relevant fagkompetanse er en naturlig del av arbeidet med en ny strategi for Fagskulen Vestland.

Røysting

Gadolin sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret utsetter beslutning om fremtidig modell for undervisningstimer til høsten 2022. Dette medfører at dagens modeller ved de ulike studiestedene videreføres som i dag.

Det videre arbeidet med modell for undervisningstimer løftes inn i en bredt sammensatt arbeidsgruppe. Styret ønsker å ha særlig oppmerksomhet på kvalitet og studentenes læringsutbytte. Arbeidsgruppen skal ledes av styreleder med representasjon fra administrativ ledelse, de ansatte og studentene, samt med deltakelse fra relevant ekstern kompetanse. Sammensetningen av arbeidsgruppen skal drøftes med alle parter, og rektor bes legge frem sak om mandat og sammensetning av arbeidsgruppen for styret i slutten av mai. Arbeidet skal sluttføres i

løpet av høsten 2022 slik at styret kan fatte vedtak samme semester. Det er rektor som til slutt legger frem en endelig sak overfor styret.

Styret ønsker å ha en særlig oppmerksomhet knyttet til overtidssituasjonen ved Fagskulen Vestland. Styret konstaterer at bakgrunnen for situasjonen er sammensatt. Styret skal holdes løpende oppdatert om overtid Bruken i alle styremøter og ber rektor følge situasjonen tett. Styret presiserer at en vedvarende høy overtid Bruk vil få konsekvenser for den fremtidige tilbudsstrukturen, eksempelvis i form av en reduksjon i antall klasser.

Bemanningssituasjonen og tilgangen på relevant fagkompetanse er en naturlig del av arbeidet med en ny strategi for Fagskulen Vestland.

VS 13/22 Val av møteleiar i styret om styreleiar er fråverande

Forslag til vedtak

1. Styret utnemner følgjande representant som møteleiar om styreleiar er fråverande, fram til nesteleiar er tilbake:

Møteleiar:

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 22.04.2022

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak saman med styret sitt val av representant vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret utnemner følgjande representant som møteleiar om styreleiar er fråverande, fram til nesteleiar er tilbake:

Møteleiar: Rosalind Fosse

Ymse

- Styremedlem Rosalind Fosse viser til styremøtet 25.03.2022 og sak VS 10/22 Budsjett 2022 og årsrekneskap 2021. I handsaminga av denne saka uttrykte styret ønske om et meir detaljert budsjett. Representanten Fosse er opptatt av at budsjettet må synleggjere og skilje mellom ordinære driftsmiddel og kursverksemd/oppdragsverksemd. Rektor vil leggje fram detaljer budsjett ved neste ordinære styremøte, 02.05.2022.